

LAURDAG 19.6.2004

Hovudaktiviteten denne dagen vert den firedelte øvinga «Vervetidsskrifter» kl. 11:15–15:50 (medrekna matpause på 45 min). Der skal me sjå på dei tre tidsskrifta *Esperanto og verden*, *Pjam-nytt* og *Bliff-nytt*, og arbeida litt med korleis måten å ordleggja seg på formar det inntrykket som folk får av ei rørsle eller ein organisasjon.

Deretter kjem to smådelar om informasjonsmateriell.

11:00-11:15

Telefonkonferanse:

- Innleiing om føremålet med seminaret.
- Presentasjon av dagsorden.
- Innleiing om øvinga «Vervetidsskrifter».
- Me legg på telefonrøyret, og arbeider klubbvis:

11:15-12:15

«Vervetidsskrifter», del I (oppg. 1-4).

Her er det 30 min med individuelt arbeid fyrst, og deretter ein fellesdel på 30 min. Tidsoppløringane her er rettleiande, men ein bør halda seg til denne eine timen til saman. Vert ein klubb fortare ferdig med den individuelle delen enn 30 min, bør ein straks byrja på fellesdelen. Den individuelle delen bør ikkje overstiga 30 min. Vert ein klubb ferdig med heile del I på under 60 min, er det berre bra, og klubben kan taka ein velfortent pause.

12:15-13:30

«Vervetidsskrifter», del II (oppg. 5-8).

Den individuelle delen er framleis på maksimalt 30 min, og fellesdelen på 45 min. Med tid til overs bør klubben absolutt taka ein liten pause.

13:30-14:45

«Vervetidsskrifter», del III (oppg. 9-12).

Pass på tida her òg: Individuell del på maksimalt 30 min, og fellesdel på 45 min.

14:45-15:30

PAUSE

Her er det tilrådd at folk får noko å eta. Ein kan t.d. få pizza på døra.

15:30-15:50

Telefonkonferanse: «Vervetidsskrifter», del IV.

- Under telefonkonferansen skal kvar klubb oppsummera kjapt kva dei kom fram til på nokre utvalde oppgåver (oppg. 3, 7d, 7e, 7f, 11b, 11c og 11d).
- Etter oppsummeringa skal deltakarane få utdelt bakgrunnsinformasjon om tidsskrifta som me nettopp har undersøkt. Denne bakgrunnsinformasjonen er berre ei meir utbrodert utgåve av avrundingsorda frå Jardar.
- Dei lokale «sekretærene» skal senda samandraga av dei utvalde oppgåvene til dei andre klubbane, slik at desse samandraga kan delast ut neste dag, som eit supplement til den munnlege oppsummeringa under denne telefonkonferansen.

15:50-16:00

Seminar delen «Kvar kan me dela ut informasjonsmateriell?»

- Idédugnad: Deltakarane skriv ned stikkord på eiga hand.
- Desse stikkorda vert innsamla av den lokale seminarleiaren, som deretter sender stikkorda til Douglas, som skal oppsummera dei neste dag.

16:00-16:45

Seminar delen «Memkomprenebla teksto».

16:45-17:00

Telefonkonferanse: Oppsummering av seminar delen «Memkomprenebla teksto».

Avslutning for dagen.

SUNDAG 20.6.2004

Hovudaktiviteten denne dagen vert øvinga «Realitetar om esperanto» kl. 11:15–14:00. Der skal me sjå på kva me veit om esperanto og esperantorørsla. Etter matpausen på 45 min kjem det nokre mindre aktivitetar om informasjonsmateriell og boksal.

11:00-11:15

Telefonkonferanse:

- Presentasjon av dagens program.
- Oppsummering av gårsdagens idédugnad om kvar ein kan dela ut informasjonsmateriell.
- Innleiing til seminar delen «Realitetar om esperanto».
- Me legg på telefonrøyret, og arbeider klubbvis:

11:15-14:00

Seminar delen «Realitetar om esperanto».

Denne delen er sett saman av åtte oppgåver. Følg instruksane nøye, elles kan det verta knapt med tid.

14:00-14:45

PAUSE

Et mat.

14:45-15:25

Telefonkonferanse:

- Oppsummeringar frå seminar delen «Realitetar om esperanto».
- Oppsummeringa skjer oppgåvevis, og Jardar har nokre ord å seia om kvar oppgåve.
- Deltakarane får utdelt bakgrunnsinformasjon om oppgåvene. Dette er omtrent det same som Jardar seier. Desse papira kan delast ut i den lokale klubben etter at klubben har oppsummert oppgåve 8, og medan ein ventar på at Jardar skal seia nokre ord om oppgåve 8. (Det er nokre illustrasjonar i desse papira som trengst når Jardar skal seia orda sine om oppgåve 8.)

15:25-15:30

Ein knøttliten pause.

15:30-16:30

Seminardelane «Superrigardo pri la lingvo» og «Minikurso».

16:30-16:50

Telefonkonferanse:

- Oppsummering av seminardelane «Superrigardo pri la lingvo» og «Minikurso».
- Innleiing om Esperantoforlaget.

16:50-17:10

Lokale idédugnader: Korleis få sving i boksalet hjå Esperantoforlaget?

17:10-17:20

Telefonkonferanse:

- Oppsummering av idédugnaden.
- Avslutning.